

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200400403	Dok.nr.: 87
Arkivkode: 416.9	Dato: 11.04
Avd.: SAP	Saksbeh.:
U.off.:	

Sosialdepartementet
Boks 8019 Dep

0030 OSLO

Sakshandsamar: Inger Pedersen, tlf: 57 62 96 12

Vår ref
04/00973-004

Eining/avd/
SADM/RÅD

Arkiv
034 & 13

Dykkar ref

Dato
28.10.2004

HØYRING NOU 2004:13 - EIN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING. FRÅSEGN.

Vi syner til brev frå departementet dagsett 08.07.04.

Sogndal kommune har følgjande merknader til NOU 2004:13 – Ein ny arbeids- og velferdsforvaltning. Om samordning av Aetat, trygdeetaten og sosialtenesta sine oppgåver:

1. Det er viktig å få ei betre samordning av Aetat, trygdekontor og den kommunale sosialtenesta slik utvalet peikar på i sitt framlegg.
2. Men etter kommunen si vurdering tek utgreiinga i første rekke føre seg ei samordning av dei statlege tenestene. Utgreiinga er mindre klar på korleis samordning mellom stat og kommune skal vere.
3. I framlegg til organisasjonsmodell vil staten og kommunen framleis få overlappende målgrupper utan noko felles overordna leing.
4. Den nye statlege arbeidssøkjarstønaden er retta inn mot dei sosialhjelpsmottakarane som kan kome i arbeid. I den framlagde modellen vil den kommunale sosialtenesta få ei to-delt oppgåve – samarbeid med statsetatane om å få fleire i arbeid og eit eineansvar for dei som ikkje reelle arbeidssøkjarar.

Det er vidare gjort framlegg om at den kommunale sosialtenesta vert samlokalisert med det nye statlege kontoret. I dei fleste kommunane er sosialtenesta ein del av ei større eining og omfattar meir enn økonomisk sosialhjelp. Ei slik oppsplitting av sosialtenesta kan vere vanskeleg å gjennomføre i mindre kommunar der ein sakshandsamar kan ha fleire oppgåver.

5. Kommunenes Sentralforbund tok opp desse problemstillingane tidleg i prosessen gjennom kommunemodellen – samordna velferdsforvaltning. I dette framlegget vektla KS demokrati-, samordnings-, økonomi- og brukarperspektivet.

I kommunemodellen peikar KS på at ved å delegere til kommunen vert velferdsansvaret lagt til eit politisk organ som har føresetnader for å følgje med i verksemda lokalt.


Kommunen er den aktøren som har mest røynsle med samordning, og det er alt etablert eit kommunalt apparat. Kommunane let set påverke av insentiv. Statsetatane har ikkje same motivasjonssituasjon og press frå lokalpolitikarar og innbyggjarar.

Kommunesektoren er i dag den viktigaste leverandøren av velferdstenester.

6. Etter kommunen si vurdering har utvalet i liten grad drøfta kommunemodellen. Kommunen meiner at denne modellen òg bør greiast nærare ut og at det bør setjast i gang prøveprosjekt.

Kommunen har først og fremst sett på den delen av framlegget som omhandlar samarbeidet mellom statsetatane og den kommunale sosialtenesta

Med helsing



Inger Pedersen
kommunalsjef

Vedlegg:

Kopi til: KS – Sogn og Fjordane